

Årsmelding 2015 for NLA Telemark

STYRET (frå årsmøtet i april): leiar Tone Telnes, styremedlem Håvard Nymoen, kasserar Elin Nilsen

MEDLEMMER: 26

ÅRSMØTET 2015: torsdag 08.04.2015, hos Feste Landskap i Keims gård, Porsgrunn

AKTIVITETAR OG REPRESENTASJON:

Det har ikkje vore mykje aktivitet i 2015, men etter gjennomført årsmøte i april, der vi fekk diskutert og samsnakka engasjert omkring samanslåing eller ikkje, vart det avtala synfaring og sykkeltur med påfylgjande sommarfest.

Dette vart gjennomført 10.06.2015. Sykkeltur frå Skien til Porsgrunn, der første stopp var Linnajordet leikeplass. Siv Wiersdalen viste rundt og fortalte om prosessen. Anlegget er planlagt og bygd i regi av Osebakken Velforening, og mykje er planlagt og bygd på dugnad. Siv har gjort ein flott innsats i å få med bebuarane i bydelen, i tillegg til at ho har stått for planlegginga og koordinert mykje av arbeidet mellom kommunen og velforeninga. Anlegget ligg plassert midt i bydelen Osebakken mellom barnehage og gamleheim, og anlegget er svært populært og tatt aktivt i bruk av alle desse gruppene. Eit fint og enkelt anlegg som inspirerar til fleire bydelsanlegg!

Etterpå sykla vi langs elvepromenaden og såg på Ælvespeilet kulturkvartal og Reynoldsparken i Porsgrunn sentrum, før vi enda opp i Birgitte (Hellstrøm) sin hage, der god mat og drikke venta. Vi var 8 medlemmer samla og junikvelden var ljøs og lang, veldig hyggeleg og lattermild. Vi vedtok at dette burde bli ein tradisjon :0)

Aktiviteten hausten 2015 har vore knytt til arbeidet med kulturminneplan for Porsgrunn kommune, der underteikna sit som representant for NLA Telemark i referansegruppa saman med representant for TeAf (Telemark arkitektforening), representantar frå kommunen, fylkeskommunen, fortidsminneforeningen m.fl. Det har vore arrangert eit møte i styringsgruppa og eit felles medlemsmøte mellom NLA Telemark og TeAf, der folk kom med innspel og der tema og innhald i kulturminneplanen vart drøfta. Arbeidet held fram i 2016.

Porsgrunn / 10.04.2016

Tone Telnes
Styreleiar